



Statens vegvesen  
Region Vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Dato: 10.02.2014  
Dykkar ref.: 2013/030973  
Vår ref.: 2014/1557-2

## **Melding om vedtak: Klage på førehandstilsagn for utbetring av avkjørsle til Fv 158 på Lepsøy i Os kommune**

Vi viser til dykkar oversending av klage på førehandstilsagn for utbetring av avkjørsle til Fv 158 på Røttinga i Os kommune.

Klagenemnda handsama saka i møte 04.02.2014 som sak 06/14.

### **Saksprotokoll i Klagenemnda - 04.02.2014**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

#### **Vedtak**

Klagenemnda avslår anken frå eigar av gnr. 29 bnr. 381 og 382 på Røttinga i Os kommune om krav frå Statens vegvesen om flytting av avkjørsle til eigedomane med 10 meter slik at ein oppnår siktlinje på 49 meter og ein svingradius på 6 meter.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen si saksutgreiing til klagenemnda i sak 06/14. Saksframlegget til klagenemnda skal verta gjort kjent for parten / klagar. Saksframlegget er grunngjevinga for vedtaket, jfr. fvl. § 24.

Vi ber om at de underrettar parten / klagaren om klagenemnda sitt vedtak.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*